

# SKJØTSEL VED ØYDEGARDSOMRÅDET HØYBØEN I FJELL

## Søknad om midlar frå bevaringsprogrammet for arkeologiske kulturminne (BARK)

Til: Riksantikvaren v/Eva Walderhaug

### Informasjon om søkar

Namn på organisasjon: Fjell Kommune

Søknadssum: kr 110.000

Organisasjonsnummer: 951996777

Dato innsendt: 16/01/17

Fylke: Hordaland

Postadresse: Postboks 184

Kontaktperson

Postnummer: 5342

Navn: Berit Vik

Stad: Straume

Stilling: Kulturkonsulent

Telefon: 55 09 60 00

Epost: berit.vik@fjell.kommune.no

Kontonummer: 85801408600

Telefon: 55 09 70 55 / 41 32 10 36



Gardstuftene på Høybøen etter rydding i september 2015. Foto: HFK

## Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren har opna opp for at Fjell kommune kan formulere ein søknad, direkte til Riksantikvaren, om tilleggsmidlar til skjøtselsarbeidet ved Høybøen. Vedlagt er skjøtselsplan for Vindenes, samt BARK-rapportar frå åra 2015 og 2016 som gir utfyllande informasjon om prosjektet.

Det har vist seg å vere eit ressurskrevjande arbeid å få rydda vegetasjon og busker i fornminnefeltet ved Høybøen. For å få til eit skikkeleg løft i skjøtselsarbeidet har vi innsett at vi må få inn profesjonelle aktørar. Det vil vere den beste løysinga, då det er store utfordringar i prosjektet både når det gjeld det tekniske og i forhold til tryggleik. Men den økonomiske kostnaden blir sjølvsagt langt større enn tidlegare planlagt. Difor denne søknaden.



Fornminnefeltet ved Høybøen: gravrøyser, hustufter og naust er her avmerka.  
Kart: Hordaland fylkeskommune. Basisdata © kartverket

## Tiltak: vidare rydding og skjøtsel ved Høybøen

I september 2016 hadde vi synfaring med Anleggsgartnermester Askeland AS i området ved Høybøen. Nina Askeland kom med eit tilbod på rydding av 16.500 kvadratmeter, jamfør skisse nedanfor. Lokaliseringa gjer at arbeidet blir meir komplisert: «Vi bruker flisekutter på gummibelter, denne transporteres inn med helikopter sammen med motorsager, alt det andre verktøyet vi trenger. Alle buskene vil bli kjørt gjennom flisekutter og opp i big bags slik at det da er lett å transporterte dette ut igjen. Vi tar høyde for å rydde opp i eksisterende haug som allerede ligger på plassen også. Helikopter løfter 1000 kg så vi kan ikke få ut flisen på annen måte enn i big bags og da er det rasjonelt å flisekutte rett opp i disse etter min mening.»



Området som er tenkt rydda ved Høybøen. Skisse: Nina Askeland.

Askeland har berekna at ni personar vil arbeide i fem dagar – altså 45 dagsverk – ved Høybøen. Timeprisen for dei som skal arbeide i felt er på kr 450, og totale kostnader inklusiv alt frå helikopter til flisekuttar er berekna til kr 336.875 med moms. Askeland skriv: «Jeg har lagt inn timepris som forhåpentligvis imøtekommer muligheten for at vi kan komme i mål med hele jobben nå denne gangen da det viser seg å være effektivt å ta alt på en gang i stedet.» Det er ingen tvil om at det beste hadde vore å få tatt alt på ein gong. Under ryddinga i fjor såg vi dessutan at det er eit problem å bli kvitt tre, busker og avkutt. Vi frakta dette ned til svaberga søraust for tuftområdet. Tanken var å brenne dette i bukta aust for Høybøen ved fjære sjø, men tilhøva var ikkje gunstige for dette ifølgje grunneigar Hogne Vindenes. Å nytte flisekuttar på staden på det som er rydda vekk, er etter vår meining ei god løysing.

Fjell kommune vil no hente inn tilbod frå konkurrerande firma. Vi må også sjå om det er måtar å få ned kostnadene på, til dømes ved at Fjell kommune stiller med to personar i felt eller at ein reduserer området som skal ryddast. Målet er å få rydda heile området innanfor omsynssonen til Høybøen. Deretter vil ein kunne gå i gang med lyngbrenning. Vi har allereie motteke tilskotsmidlar frå Fylkesmannen når det gjeld dette tiltaket. Det som opptek dei er at grunnlaget blir lagt for vidare lyngbrenning. Vi skal elles formulere politisk sak om tilskotsmidlar frå Fjell kommune, og kjem også til å sende inn ein søknad til Hordaland fylkeskommune. Finansieringsplanen er tenkt slik:

<b>Finansieringsplan</b>	<b>Kostnad</b>
Midlar frå Fjell kommune	110.000
Tilskot frå Hordaland fylkeskommune	60.000
Tilleggsmidlar frå Riksantikvaren	110.000
Midlar frå Fylkesmannen (motteke)	57.000
<b>Totalt:</b>	<b>337.000</b>

## **Framtidig tilrettelegging og formidling ved Høybøen**

Det omsøkte tiltaket er viktig å få gjennomført slik at vi kan gå vidare med lyngrenning, samt sette fokus på vidare tilrettelegging og formidling ved Høybøen. Målgrupper er både skuleklassar, lokalbefolkning og tilreisande. Dersom Riksantikvaren ynskjer meir utfyllande informasjon om våre tankar omkring dette kan dette ettersendast.

## **Vedlegg:**

- **Skjøtselsplan for Høybøen**
- **BARK-rapportar for 2015 og 2016**
- **Kronikk i Bergens Tidende ved Knut Andreas Bergsvik**



Før og etter rydding ved gardstuftene på Høybøen. Det er enno mykje busker og vegetasjon som skal fjernast. Foto: HFK